



Korleis nynorsk vart statspråk

Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vera jamstilte skriftspråk i forvaltninga. Slik har det ikkje alltid vore. Dette er saga om korleis nynorsk i si tid vart statspråk.

Det var Ivar Aasen som forma det nynorske skriftspråket på grunnlag av innsamla materiale frå norske dialektar. Med *Norsk Grammatik* (1864) og *Norsk Ordbog* (1873) gav han nynorsken ei fast form, som rett nok har vorte mykje endra sidan. Fram til 1880-åra var nynorsk, eller *landsmål*, som det vart kalla fram til 1929, eit skriftspråk med svært få brukarar, og det var ingen som hadde fått opplæring i det i skulen.

Jamstillingsvedtaket og den første lova på landsmål

Trass i at landsmålet var lite bruka, vedtok Stortinget i 1885 med 78 mot 31 røyster å jamstilla det med «Skrift- og Bogsproget». Vedtaket vert kalla jamstillingsvedtaket, og ordlyden var slik: «Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.» Men enno skulle det ta tid før landsmål kom i bruk som statspråk. Det var ein milepæl då Stortinget i 1894 etter stor usemje vedtok den korte *log um sams normaltid fyr kongeriket Norig*, som galdt heilt til 2007. Usemja i Stortinget galdt ikkje innhaldet i lova, berre målforma.

Den første paragrafen i normaltidlova lydde slik: «Fraa den 1ste januar 1895 skal mideltidi fyr den meridianen, som ligg 15 gradar austanfyr Greenwich, vera det loglege klokkeslætte i Norig.» Neste lov på landsmål kom først i 1920.

Landsmålet får fotfeste

I tiåra etter jamstillingsvedtaket kom landsmålet i bruk i skulen, kommunane og Kyrkja. Men i statsforvaltninga gjekk det tregare. Det var truleg ikkje før i 1915 at eit departement for første gong nytta landsmål i eit rundskriv. I 1921 kravde heradsstyret på Voss landsmål i alle



Foto: Steinar Svensbakken / Statens vegvesen

skriv frå staten, og snart hadde meir enn 200 kommunar (av over 700) og ni fylkesting gjort liknande vedtak. I løpet av få år vart det såkalla kommunalmålprinsippet knesett. Det vil seia at statsorgan skal retta seg etter dei lokale målvedtaka. Kyrkjedepartementet var først ute med å innføra dette prinsippet, og andre departement følgde etter. Kommunalmålprinsippet gjeld den dag i dag.

I 1920-åra kom det òg ei rad vedtak om at landsmål skulle brukast i tillegg til riksmål på synlege område som i poststellet, jarnbanen, telegraf- og telefonstellet og statlege stillingsutlysingar. I 1929 vedtok

til side 2 →

Interessert i fagspråk og terminologi?

Mange skribentar i staten må handtere fagterminologi. Er du interessert i terminologi og fagspråk, kan du abonnere på Termposten, det elektroniske nyheitsbrevet frå terminologitenesta i Språkrådet. Termposten kjem ut tre gonger i året og inneheld stoff om dagsaktuelle termar, spørsmål og svar, tips om ordlister og hjelpemiddel og mykje meir. Du finn nyheitsbrevet på nettstaden til Språkrådet.



Språkrådet

www.språkrådet.no

- Aktuelt
- Fakta om norsk
- Ordbøker
- Lov og rett
- Råd om språk
- Andre språksider

Sykehuset, samfunnet og språket

På et sykehus er det avgjørende for liv og helse at ansatte forstår hverandre, og at pasienter og pårørende forstår de ansatte. Godt språk er god samhandling, og godt språk er viktig for sikkerheten. Dette påpeker ledelsen ved Oslo universitetssykehus i sykehusets internavis etter dagskonferansen «Sykehuset, samfunnet og språket», som ble arrangert i oktober 2013. Konferansen var et samarbeid mellom sykehuset og Språkrådet, og det overordnede

temaet var språk i arbeidslivet. Innleggene belyste både den språklige praksisen i en hektisk hverdag, med utfordringer og løsninger, og mer prinsipielle og språkpolitiske problemstillinger. Innledningens presentasjoner finner du på Språkrådets nettsted.



Gratis nynorskurs for statsorganer

Språkrådet lyser ut ti nynorskurs i 2014. Kurset er gratis og går over to dager. Alle statsorganer som er underlagt målloven, kan søke om kurs. Nynorskursen blir tilrettelagt for hvert enkelt statsorgan og tar for seg både grammatikk og språkføring. Alle deltakerne får individuell tilbakemelding. På Språkrådets nettsider finner dere søknadsskjema og mer informasjon om kurset. Dere kan også kontakte Språkrådet på stat@sprakradet.no. Søknadsfristen er 15. februar 2014.

➔ *Korleis nynorsk vart statsspråk ... frå side 1*

Stortinget at målformene skulle kallast *nynorsk* og *bokmål* i staden for *landsmål* og *riksmål*.

Den første mållova

I 1929 la regjeringa fram ein proposisjon til *lov om målbruk i statstjenesta*. Ifølgje lovframlegget skulle alle nyttilsette statstjenestemenn og nytutnemnde embetsmenn som var fødte etter ein viss dato og hadde eit visst utdanningsnivå, vera i stand til å bruka både nynorsk og bokmål som arbeidsspråk. Saka vart handsama i Stortinget våren 1930. Jamvel om lovteksten var kort, berre tre paragrafar, vart det hard strid i Stortinget. Ordskipet fylte heile 80 sider i stortingsreferata. Lova vart til sist vedteken, og § 1 første stykket lydde slik:

«Ved tilsetjing i embete eller statstjenestepost som det krevst minst artium eller lærarprøve eller onnor jamgod utdanning til, skal den tilsette, dersom han er fødd etter 1. januar 1905, ha plikt på seg til å nytta likso-

vel nynorsk som bokmål i skriftleg hand-saming av saker som høyrer tenesta hans til, etter dei fyresegner som vert gjevne um målbruk i statstjenesta.»

Lova tok til å gjelda i 1931, og i 1932 vart det ved kongeleg resolusjon fastsett nærare føresegner om korleis mållova skulle etterlevast. I desse føresegnene finn vi endå eit prinsipp som enno gjeld, nemleg at privatpersonar sjølve kan velja om dei vil ha skjema, attestar («formfaste fyrerit») o.l. på nynorsk eller bokmål, og at dei som skriv til staten, skal få svar frå staten i same målform som dei sjølve har nytta. Vidare slo resolusjonen fast at

«prenta rundskriv, oppslag og kunngjerin-gar som vert laga under eitt for heile landet, vanleg vert gjevne ut på bae mål soleis at kvar tenestekrins kann få dei på det målet som er fastsett for kvar stad. Når det ikkje fell lagleg å gjeva ut same tingen på bae mål, kann og sumt gjevast ut berre på det eine

og sumt berre på det andre målet, alt etter som det høver, men likevel soleis at det vert rimeleg samhøve i mengd på bae mål.»

Dette er ein føregangar til kravet i dag om at kvar målform skal nyttast i minst 25 prosent av tekstane frå statsorgan som har heile landet som tenestekrins.

I mål?

Med mållova frå 1930 hadde nynorsk vorte statsspråk fullt ut, iallfall på papiret. Likevel er det på det reine at reglane i mållova ikkje vart etterlevde i tiåra som følgde. I 1980 vart *lov om målbruk i offentleg teneste* vedteken, og ho tok til å gjelda i 1981.

Både nynorsk og bokmål slik vi kjenner dei i dag, er prega av samlivet med den andre målforma. I forvaltningsspråket finn vi ein del ord som har kome inn i bokmålet, med nynorsk som kjelde.

Kjetil Aasen, rådgjevar i Språkrådet

Svar i rett målform

Privatpersonar har rett til å få svar frå staten på eiga målform, kan vi lese i mållova § 6. Regelen gjeld alle informasjonskanalar, både e-post, sosiale medium og papirbrev. Men det er ikkje berre privatpersonar som har krav på dette. 114 kommunar har nynorsk som tenestemål, og korrespondansen med dei skal gå føre seg på nynorsk. Lista over desse kommunane finn du i *forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar* på Lovdata. Språkrådet minner om at statlege leiarar har eit ansvar for at saksbehandlarar kjenner regelverket.

Nynorskord i bokmål

Flere nynorske ord er tatt opp i bokmål og brukes mye i forvaltningen. I stedet for *bekjentgjørelse* skriver vi nå *kunngjøring* på bokmål. Her er noen flere eksempler.



PÅ PLAKATEN

Ta kontroll over teksten

Ni av ti statsansatte mener at de har tilstrekkelig kompetanse i rettskrivning, og at de skriver klart. Det viser Språkrådets undersøkelse om språkarbeid i staten (2012). Fire av ti opplyser at det finnes rutiner for språklig kvalitetskontroll på arbeidsplassen. Den vanligste rutinen er at kolleger leser hverandres tekster. Den nest vanligste er bruk av elektronisk stavekontroll. Språkrådets gjennomgang av utallige statlige tekster viser at hverken stavekontroll eller kollegalesning er tilstrekkelig for at teksten skal bli korrekt. Med hjelpemidlene under kan du ta kontroll over teksten din og styre unna feil og feller.

Språkrådets brosjyre kan du bestille ved å sende en e-post til bestilling@sprakradet.no, eller du kan laste dem ned fra <http://sprakrad.no/brosjyrar>. Brosjyrene er gratis.

De vanskelige detaljene

Når skal vi sette komma, og når skal vi la det være? Hva er egentlig forskjellen mellom bindestrek og tankestrek? Må vi bruke aksenttegn? Skal vi skrive *Fylkesmannen* eller *fylkesmannen*?

Skriveregler av Finn-Erik Vinje inneholder alt du trenger å vite om tegnsetting, små og store forbokstaver, mellomrom, talluttrykk og forkortelser. Den finnes bare i papirutgave. Også på Språkrådets nettsted finner du mye informasjon om tegnsetting og rettskrivning.

Hverken eller verken?

Er det lov å skrive *hverken*, eller må vi skrive *verken*? Kan vi skrive *syv*, eller må vi skrive *sju*? Svaret er at begge deler har vært lov siden 2005. Da ble det innført noen endringer i rettskrivningen i bokmål. Skillet mellom hovedformer og sideformer (klammeformer) ble opphevet, og valgfriheten ble større. Informasjon om endringene finner du i Språkrådets brosjyre *Ny bokmålsrettskrivning fra 2005*.

Hvor mange l-er i *parallelt*?

Det er ingen skam å slå opp hvis du lurer på hvordan et ord skal staves! *Nynorsk-ordboka* og *Bokmålsordboka* gir deg informasjon om ordenes skrivemåte, ordklasse, bøyning og bruk. Begge finnes på nettet. Du kan søke i dem gratis fra førstesiden på www.sprakradet.no.

Nyttige nettsteder

På www.sprakradet.no finner du både regler og råd.

- Skriveregler og grammatikk: <http://sprakrad.no/regler>
- Formell e-post: <http://sprakrad.no/e-post>
- Navn på statsorganer i begge målformer: <http://sprakrad.no/statsorganer>
- Geografiske navn: <http://sprakrad.no/geografi>
- Navn på stater: <https://sprakrad.no/stater>
- Nynorsk hjelp: <http://sprakrad.no/nynorsk hjelp>

På www.ordnett.no (betalingstjeneste) kan du søke i bl.a. *Norsk Riksmålsordbok*, *Norsk ordbok* (bokmål) og *Norske synonymer*.

Sjefsekretær eller sjefssekretær?

Lurer du på om et sammensatt ord skal ha bindebokstav (e/s) eller ei? *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* inneholder en del sammensatte ord som viser stavemåten, men *Tanums store rettskrivningsordbok* er den absolutt beste kilden. I tillegg til informasjon om skrivemåte og bøyning inneholder boka eksempler på ordforbindelser som ikke er oppført i andre ordbøker. I en egen seksjon finner du grammatikk, rettskrivningsregler m.m. Boka finnes bare i papirutgave.

Anten eller enten? Systemer eller søster?

Begge deler er lov, for fra 2012 er skillet mellom hovedformer (lærebooknormalen) og sideformer (klammeformer) i nynorskrettskrivningen opphevet. Alle former er nå likestilt. I tillegg er en del former tatt ut av rettskrivningen. I Språkrådets brosjyre *Ny nynorskrettskrivning fra 2012* kan du lese mer om endringene.

Stavekontroll og grammatikk: Norsk, bokmål (Norge)

Ikke i ordlisten:

Jeg gleder meg til **to**turen!

Ignorer en gang

Ignorer alle

Legg til i ordliste

Forslag:

torturen



Endre

Endre alle

Vokt deg for stavekontrollen

Stavekontrollen er et kjekt hjelpemiddel, men den har sine begrensninger. For eksempel hender det at den foreslår tvilsomme alternativer til helt brukbare ord, se illustrasjonen. Dessuten fanger den ikke opp ord du har stavet riktig, men brukt feil. Husk at stavekontrollen ikke er en tekstkontroll! Så bruk den gjerne, men glem ikke å bruke hodet også.

Returadresse:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO



SPRÅKTIPS

SPRÅKEGGET

Bidrag til denne spalten er verpet av skrivende mennesker i stat og presse.

En kaffespesialist sa nylig dette til NRK:

Man skal behandle kaffe som man snakker om vin.

Ja, som man spytter i glasset, får man grut!

FOR BOKFINKER

For viderekomme

Viderekomme (entall: *viderekommen*) bruker vi om noen som har mer enn grunnkunnskaper:

En viderekommen student
Kurs i engelsk for viderekomme

Når så mange skriver «viderekommende», skyldes det nok uttalen. Det riktige er altså *viderekomme*.

I arkivsammenheng snakker vi ofte om *innkommende* eller *innkommet* post. Begge kan brukes, men pass på tidspunktet. Brev som kommer inn (i dette øyeblikk eller hver dag), er *innkommende* brev. Brev som er kommet inn, er *innkomne* brev. I grammatikken kaller vi den første formen for presens partisipp og den andre for perfektum partisipp.

FOR MÅLTROSTAR

Han, ho og den

Nynorsk har ikkje det personlege pronomenet *den*. Når vi viser til eit substantiv, nyttar vi helst *han* for eit hankjønnsord og *ho* for eit hokjønnsord, der vi på bokmål nyttar *den*:

Eg måtte vaske bilen fordi han var skitten.
Dersom ikkje avisa ligg på bordet, har hunden teke henne.

Vi nyttar likevel *den* som demonstrativ på nynorsk:

Den svarte Golfen var rådyr.
Gunda, ho er ikkje den som mister motet.

Demonstrativet *den* kan også ha trykk: *Hovudgevinsten i lotteriet var ein sykkel.*
«*Den kunne eg tenkt meg!*» sa Gunda.

DIKTET

DEN SOM VINGLA

det burde vær såre enkelt, men æ går med lenke
og det kjennes ut som æ foretrekk det
æ vil ville at sjela mi ska vend sæ til vinternetter
ikke internettet

æ vil gå med rette steg
forstå kor lett det e
men den som vingla
finn nye veia

kem e æ
uten skylappa
bøddelhetta, dommerkappa
kem e æ
uten sydebukka
fåreklær; yndlings skjorta

kem e vi
uten ansvarsfradrag
valgets kvala
svøm vi langt fra land da
kem e vi
uten angstanfallan
tvangsanstaltan, bankkvartalan

Fredrik William Olsen,
Kråkesølv

Grappa Kråkesølv skriver og framfører tekstene sine på Bodø-dialekt.

NYTT ÅR

Skriver vi godt nyttår, godt nytt år eller godt, nytt år?

Både *godt nytt år* og *godt nyttår* går, men sløyf kommaet etter *godt!* På nynorsk brukes dessuten gjerne *godt nyår*, og etter årsskiftet nøyer mange seg med *godt år*. Husk endelig å holde forbokstavene små i ord som står inne i en setning, uansett hvor dyptfølt ønsket er.

Språkrådet ønsker alle et godt nytt år!

ORDKLEKKING

Kva kunne ein kalle dei kryptiske feilmeldingane som dukkar opp på skjermen når vi prøver å lagre eller opne eit dokument i det elektroniske arkivsystemet? Vi har motteke to gode framlegg: *arkivlus* (truleg inspirert av *linselus*) og *stressboks*.

Til neste gong: Kva kallar vi den gufne kjensla av at halvgamle eller eldgamle tekstar på nettsidene skulle ha vore friska opp for lenge sidan, helst i fjor?

Send framlegg til stat@sprakradet.no.
Skriv «Ordklekking» i emnefeltet.

STATSSPRÅK

Bladet for godt språk i staten

Telefon til Språkrådet og Statsspråk:
22 54 19 50

Redaktører:
Anna Senje og Margrethe Kvarenes
stat@sprakradet.no

Abonnement og adresseendring:
bestilling@sprakradet.no

Utforming: Beate Syversen
Trykk: Zoom Grafisk

Opplag: 17 500
Redaksjonen avslutta: 28.11.2013

ISSN 0805-164X